


6 Gassforvaltningssystemet





Figur 6.1 Historisk og venta norsk gasseksport
(Kjelde: OD/OED)

Norsk gass er viktig for energiforsyninga i Europa, og blir eksportert til alle dei store konsumentlanda i Vest-Europa. Det er fire mottaksterminalar for norsk gass på kontinentet: to i Tyskland, ein i Belgia og ein i Frankrike. I Storbritannia vil det vera to mottaksterminalar når Langeled-rørleidninga, som skal frakta gassen frå Ormen Lange-feltet, står klar i 2007 (sjå kartet). Det norske gasstransportsystemet er omfattande, med over 6600 km rørleidningar i alt. Det er utarbeidd traktatar som regulerer rettar og plikter mellom Noreg og landa som har landingspunkt for gass. Noreg og Storbritannia vart i januar 2005 samde om ein rammeavtale som mellom anna regulerer ilandføringsrørleidningar frå Noreg til Storbritannia. Denne avtalen vil bli lagd fram for Stortinget i første halvåret av 2005.

Norsk gasseksport dekkjer om lag 14 prosent av det europeiske gassforbruket. Størstedelen av norsk eksport går til Tyskland og Frankrike, der norsk gass utgjer om lag 30 prosent av det samla forbruket. Når Ormen Lange kjem i drift, vil norsk gass ha ein marknadsdel på 15–20 prosent i Storbritannia. Produsentselskap på norsk kontinentalsokkel har gassavtalar med kjøparar i Tyskland, Frankrike, Storbritannia, Belgia, Nederland, Italia, Spania, Tsjekkia, Austerrike, Polen og Danmark.

Transportkapasiteten i det norske rørleidningssystemet er i dag 100 milliardar standard kubikkmeter (Sm³), og vil auka til 120 milliardar Sm³ når Langeled står ferdig – heile seks gonger så mykje som den samla elektrisitetsproduksjonen i Noreg.

Eit overordna mål er å oppnå størst mogleg verdi på dei norske petroleumressursane. Dei fleste felta på norsk kontinentalsokkel inneheld både olje og gass, og det er om å gjera å sikra ein optimal balanse mellom olje- og gassproduksjon. Samtidig må gassforvaltningssystemet leggja til rette for effektivitet i

alle ledd i gasskjeda – leiting, utbygging og transport.


Eit særtrekk ved gassproduksjon er at det krev store investeringar i transport. Det aller meste av den norske gassen blir transportert frå felt til gassbrukarane i rørleidningar. Styresmaktene legg stor vekt på å greia ut ulike transportløysingar, slik at ein kan velja den løysinga som er mest mogleg robust. Det kostar mykje å byggja rørleidningar, og betydelege stordriftsfordelar er knytte til investeringane i transportsystemet. I mange tilfelle er det fornuftig å byggja rørleidningane noko større enn det i utgangspunktet er behov for, slik at eventuelle nye gassfunn kan transporterast i det eksisterande rørleidningssystemet.


Alle rettshavarar på norsk kontinentalsokkel er ansvarlege for å selja sin eigen gass. Politikken for dette blei endra i 2001, i samband med at Gassforhandlingsutvalet (GFU) vart nedlagt. Tidlegare blei all gass som var produsert på norsk kontinentalsokkel, avsett under oppsyn av styresmaktene gjennom GFU. Statoil sel statens olje og gass saman med sin eigen petroleum, i samsvar med avsetningsinstruksen.

Verkemidla til styresmaktene


Dei generelle verkemidla innanfor ressursforvaltninga av gass er leitepolitikk, vilkår for godkjenning av utbyggingsplanar og produksjonsløyve for olje og gass (sjå kapitla 3 og 4). Mange av felta på norsk kontinentalsokkel inneheld både gass og olje. Når styresmaktene tildeler produksjonsløyve for gass, tek ein omsyn til utsiktene for optimal utvinning av olje. Det har hendt at ein av omsyn til oljeutvinninga har gjeve produksjonsløyve til mindre mengd gass enn det selskapa har søkt om.

Styresmaktene har ei viktig rolle når det gjeld å etablara transportkapasitet og auka kapasiteten i sys-





Figur 6.2 Sal av NGL/kondensat 2004* Totalt 21,1 mill. Sm³ o.e.
* fordelt på første mottakarland
(Kjelde: OD)



Figur 6.3 Norsk naturgasseksport 2004
Totalt 77,7 mrd. Sm³ o.e.
(Kjelde: OD)

temet. Styresmaktene har ansvar for at alternative transportløsningar blir utgreidde, slik at det sikrar ei effektiv utvikling av systemet. Samtidig er det viktig å sikra effektiv drift, mellom anna ved å skaffa seg stordriftsfordelar. Olje- og energidepartementet har mange verkemiddel for å oppnå dette. Tre sentrale verkemiddel i det norske gasstransportsystemet er operatøren Gassco, den samordna eigarskapen Gassled, og regulert tilgang til transportsystemet. Departementet vurderer bruken av verkemidla i samband med utvikling av ny infrastruktur og ved endra bruk av eksisterande infrastruktur. Operatørskap, eigarskap og spørsmål om regulert tilgang kan brukast uavhengig av kvarandre.

Gassco

Selskapet Gassco AS er operatør for Gassled, som omfattar størstedelen av transportsystemet på norsk kontinentalsokkel. Gassco blei oppretta i samband med delprivatiseringa av Statoil i 2001. Operatørskapen omfattar ansvaret for drift (planlegging, overvaking, koordinering og styring av transport frå felta til mottaks-terminalane) og utvikling av transportsystemet. Gassco har som oppgåve å samordna prosessane for vidareutvikling av oppstrams gassrørleidningsnett og sjølv vurderer behovet for slik vidareutvikling. Gassco skal tilrå løysingar og ikkje investera sjølv.

Ein nøytral og uavhengig operatør for gasstransportsystemet er viktig for å sikra at alle brukarane av transportsystemet blir behandla likt, når det gjeld både utnytting av systemet og vurdering av kapasitetsauke. Dette er nødvendig for at ressursane på kontinentalsokkelen skal bli utnytta effektivt. Eit nøytralt selskap sikrar at ein tek omsyn til heilskapen i dei framlagde utviklingsalternativa for infrastrukturen, det gjeld òg utnytting av skalafordelane.

Effektiv utnytting av det eksisterande gasstransportsystemet kan dessutan gjera sitt til å redusera eller utsetja behovet for nye investeringar.

Gassled

Transportsystemet for norsk gass, det vil seia rørleidningane og terminalane, er det stort sett interessentskapet Gassled som eig. Gassled omfattar alle rikgass- og tørrgassanlegg som er i bruk i dag, eller som det er planar om at andre enn eigarane skal bruka ein del (tredjepartsbruk). Det er lagt opp til at nye rørleidningar og transportrelaterte anlegg skal innlemmast i Gassled frå det tidspunktet når ein tredje part tek dei i bruk, og dei såleis blir ein del av det sentrale oppstrams gasstransportsystemet.

Felles eigarskap for transportsystemet sikrar at gassen blir frakta mest mogleg effektivt og dermed gjev størst verdiskaping, sidan ein unngår interessekonfliktar om kva for eit røyr gassen skal fraktast gjennom.

Regulert tilgang til transportsystemet

Rørleidningssystemet er eit naturleg monopol, med store grunnlagsinvesteringar. Difor blir tariffane for transport av gass regulerte gjennom ei eiga forskrift fastsett av OED. Det sikrar at forteneista blir teken ut på felta og ikkje i transportsystemet. Oljeselskapa har tilgang til kapasitet i systemet ut frå behovet for transport av gass. For å sikra god ressursforvalting kan transportrettane overdragast mellom brukarar når behova endrar seg.

Gassled – samla eigarstruktur for gasstransport

Eigarfordelinga i Gassled:

Petoro AS*	38,29 %
Statoil ASA	20,38 %
Norsk Hydro Produksjon AS	11,13 %
Total E&P Norge AS	9,04 %
Exxon Mobil Exploration and Production Norway AS	5,18 %
Norske Shell Pipelines AS	4,68 %
Mobil Development Norway AS	4,58 %
Norsea Gas AS	3,02 %
Norske ConocoPhillips AS	2,03 %
Eni Norge AS	1,68 %

* Petoro AS er rettshavar for statens deltakardel (Statens direkte økonomiske engasjement, SDØE)

Petoros deltakardel i Gassled skal aukast med om lag 9,5 prosent med verknad frå 1. januar 2011, og deltakardelen til dei andre rettshavarane skal reduserast proporsjonalt med verknad frå same datoen. SDØE-delen i Norsea Gas AS er 40,0 prosent. Når ein tek omsyn til dette, vil staten gjennom SDØE ha 39,5 prosent i 2003–2010, og 49 prosent i Gassled frå 2011. Konesjonstida for aktuelle anlegg i Gassled er sett til 31. desember 2028.

Ein samla eigarstruktur for den viktigaste gassinfrastrukturen la grunnlaget for ein samordna tilgang til transportsystemet, og lettar administrasjon og dagleg drift av gasstransporten for framtida.



